



Ekteparet Arnardo (Arild og Bjørg) saman med Steinar Myklebust på Rabben feriesenter i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Cirkusliv-serien på NRK 1, ein imponerende dokumentarserie som fylgjer Arnardo gjennom heile 2007-sesongen, er no framme ved program nummer fire av åtte. Det vert sendt neste onsdag, 13. februar kl. 19.55. Då kjem det også opptak gjort under opphaldet på Rabben Feriesenter i Uskedalen, får uskedalen.no opplyst i NRK Hordaland.**

Det som kjem handlar om fiske – teamet er med når Tore Hartvig Christensen og Arild Arnardo fiskar kreps i fjorden og når nokre av artistane fristar fisken i elva.

Arnardo var her i bygda 10. mai i fjor, men dei kom til bygda om kvelden 9. mai. Då gjorde TV-teamet ei rekkje spektakulære opptak – mellom anna med helikopter – under ferda over fjellet med Uskedalen som mål.. Heile karavanen er 600 meter lang når bilane står tett parkert! Ferda over fjellet blir også skildra i program nummer fire, får vi opplyst. Den var spesiell, fordi alle på grunn av TV-opptaka starta på likt frå Haukeliseter og så heldt karavanen seg samla heilt fram til Uskedalen. Vanlegvis køyrer sirkuset med større rom mellom bilane - ikkje minst av hensyn til den andre trafikken. Sirkuset har tilsaman 38 transporteinheiter.

Det har gjennom alle år vore et godt tilhøve mellom Arnardo og vertskapet på Rabben og årets sirkusbesøk der var truleg nummer 25.

2006 var heilt spesiell, for då var sirkuset med i 17. maitoget i Uskedalen, men dette vart ikkje gjenteke i fjor. I staden gjekk sirkuset i toget i Spjelkavik i Ålesund slik det plar gjera. Leiinga i sirkuset skal ha uttala at dei får ei betre "17.mai-mottaking" i Ålesund enn dei gjorde i Kvinnherad.

Men dette gjeld ikkje Rabben Feriesenter, Arnardo-familien har fleire gonger gjeve uttrykk for at dei har eit framifrå vertskap i Uskedalen. Og apropos familie: Cirkus Arnardo omfattar rundt 90 personar – med stort og smått! Sirkuset er vanlegvis innom rundt 140 stader i ein sesong.

Intensjonen med sirkus-serien er å visa sirkuset frå ei anna side enn den folk flest kjenner, kort sagt å få fram kvardagen til dei som jobbar der. Og TV-teamet presenterer også dei som sirkusfolket møter landet rundt.

- Eg er glad for denne serien, fordi den skapar større forståing hos folk for det vi driv med. Vi blir nærmast betrakta som rekande fant, men det er vi slett ikkje. Vi er mange najonar som lever i sameksistens og det utan problem, sa Arild Arnardo til uskedalen.no under vitjinga i fjor.

Av Ola Matti Mathisen



Cirkus Arnardo er framme i Uskedalen etter ferda over Haukeli. (Foto: Ola Matti Mathisen)